



28.09.2017

## REFERAT frå KONSTITUERANDE MØTE I FAU VED MØRE UNGDOMSSKULE

Tid: **TORS DAG 21. sept kl. 18.00 – 19.00.**

Desse møtte:

8A: Randi B. Sunde Kalleland og Ellen Berte Indrebø, 8B: Silje Knutsen og Frode Koppang

9: Oddrun Bjørdal og Ann-Katrin Skaar og 10: Anne Birte Hanken

Meldt forfall: Ingrid Hovda

### SAKLISTE:

#### 1:Konstituering:

**Leiar: Oddrun M. Bjørdal**

**Nestleiar: Randi B. S. Kalleland**

**Sekretær: Silje Knutsen**

#### 2:Val av foreldrerepresentant til styret for Møre Ungdomsskule.

**Ellen Berte Indrebø.** 1.styremøte torsd. 28.sept. 2017

#### 3:Orientering og samtale om FAU sine oppgaver

Kort orientering ved rektor.

#### 4:Temakveld?

Vi har tradisjon for på Møre å ha ein temakveld for føresette/foreldre i løpet av skuleåret. Denne er det fau som arrangerer. Vi har hatt temakveld for berre foreldre med same tema for elevane på dagtid og hatt temakveldar for foreldre og barn samtidig.

**Innspel til tema på ein slik kveld:** Nettvett: t.d Vebenstad i politiet ( forebyggende enhet i Sunnmøre politidistr,) Psykisk helse, Alkohol og narkotika. Har Modum Bad nokre aktuelle tema dei kan tilby?

Denne saka kjem vi tilbake til på neste møte.

#### 5: Møteplan

Vi har 3 – 4 møter pr. skuleår.

**Neste møte: Torsdag 9.nov. kl. 18 – 19**

#### 5: Eventuelt

##### A: Foreldreundersøking

Møre Ungdomsskule har ikkje gjennomført foreldreundersøkinga som Utdanningsdirektoratet tilbyr å gjennomføre. Vi skal no vere med – saman med andre friskular i eit forskingsprosjekt der dei m.a skal samanlikne resultatet frå foreldre/ føresette som har elevar på friskular og dei som har elevar i den offentlege skulen.

Rektor undersøker kva spørsmål som må vere med i undersøkinga og på neste møte

ser vi på om vi event. skal ha med fleire spørsmål. Aktuelle og mulege spørsmål vart delt ut i papirformat på møtet. ( Ingrid skal få dei tilsendt som «ranselpost» )

Det blei og drøfta ulike mulegheiter for gjennomføring – for å få flest muleg til å svare på undersøkinga.

Sjå elles lenke :

<https://www.udir.no/globalassets/filer/brukerundersokelser/foreldreundersokelsen/sporsmalen-e-foreldreundersokelsen-h-2015.pdf>

**B: Elevsamtalen i forkant av utviklingssamtalen:**

Vi vurderer andre spørsmål i samtalen og har sett på Læringsmiljøsenteret sitt forslag.

Dette er ikkje- anonymt og på papir. Målet er å fange opp så tidleg så muleg om elevane har det bra eller ikkje på skulen. Det blei og tipsa om ein digital undersøking frå Klassetrivsel.no. Rektor sjekkar dette.

**C: Viktig å legge ut referata frå fau-møta – så alle foreldra har mulegheit for å fylje med.**

Signe Urtegård

- rektor –